



Årsmelding 2024

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.24 171 medlemmar. Det stod 54 personar på venteliste for tildeling av båtplass. Av desse er det 47 personar med adresse i tidlegare Naustdal kommune og 9 personar med adresse i andre områder.

Styret har hatt 3 styremøte sidan førre årsmøte. Styret har handsama 12 saker. Det har også vore ein del møteverksemd og særsmøter i høve årsmøtet. Noko av møteverksemda har vore digital. Arbeidet i styret har vore organisert for å tilfredstille laget sitt føremål slik det er formulert i § 3 i lov for SA Naustdal Båtlag. Driftsåret 2024 var eit ordinært driftsår.

Båtlaget har eit stabilt medlemstal. Det er lange ventelister for båtplassar og plassar som vert ledige vert raskt overteke av medlemmer på venteliste. Det er størst interesse for 6 og 8- meters plassar. Det er omsett 1 båtplass i 2024.

Rekneskapen til båtlaget vert ført av Naustdal rekneskapskontor, i godt samarbeid med kasserar i båtlaget. Det økonomiske resultat av drifta i 2024 viser eit årsresultat etter avskrivning på kr. 114.217. Styret er tilfreds med dette resultatet.

Det har i løpet av året vore arrangert to større dugnadar, og fleire mindre dugnadar. Det har vore godt oppmøte, og stemninga har vore god.

Det vert stadig plassert boss, gamle batteri, øydelagt fiskeutstyr etc. i båthamna. Det er synd at nokon opptrer på ein slik måte. Nokon må då bruke tid på å rydde etter andre. Styret oppmodar derfor alle til å ta med seg boss enten heim, eller til godkjent avfallsmottak. Båtar og båthengarar skal heller ikkje oppbevarast på området til båtlaget.

Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2024.

Styret:

Leiar:	Daniel Stave	på val 2025
Nestleiar:	Svein Skjærli	på val 2026
Skrivar:	Arnt Ole Ramsdal	på val 2025
Kasserar:	Jan Dahlberg	på val 2025
Styremedlem:	Kato Grønfur	på val 2026
<i>Revisor:</i>	Bjørn Olav Erdal	på val 2025
	Jan Petter Sæbø	på val 2026
Valnemnd:	Kjartan Kroknes	på val 2025
	Jørn Helgheim	på val 2026

Hamnesjefar

Steinar Lothe og Egil Gulholm har vore hamnesjefar. Steinar har hatt spesielt ansvar for køyring av båtvogna på slippen.

Hamnesjef har vore kalla inn til nokre styremøte. Hamnesjefane har ikkje stemmerett i styremøter. Hamnesjefane har kvar motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Godtgjersle til tillitsvald

Leiar og kasserar i båtlaget har motteke ei godtgjering på 5000. Dei øvrige styremedlemmane har kvar motteke kr. 1000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Kjøp og sal av båtplassar

Det har vore omsett 1 båtplass i 2024.

Det står 54 på venteliste for kjøp av båtplass.

Dieselanlegget.

Årsmøtet i 2024 gav styret fullmakt til å seie opp avtala med Knapphus energi om drift av dieselanlegget, og arbeide med alternative løysingar for drift av anlegget.

I heile 2024 vart det jobba med Knapphus Energi for å få dei til å setje anlegget i driftsklar stand att, slik at båtlaget kan overta anlegget att. Dette hadde styret per 31.12 ikkje kome i hamn med.

Arbeidet med dette fortset difor i 2025.

For styret i SA Naustdal Båtlag

Daniel Stave

- Leiar-